

Til Alver kommune. Byggjesaksavdelinga.

Søknad om dispensasjon etter prg. 19.2 i Pbl. for byggjeforbod etter prg 1.8 i Pbl. for bygging i strandområde for oppføring av uthus på 19 kvm BRA. på gnr. 305 bnr. 190 , Fløksand 80 på Fløksand.

Bygget som skal oppførast er eit uthus på 19 kvm BRA i ei høgd. Bygget er frittliggjande på eigen bygd eigedom. Mønehøgd er 3,631 m og gesimshøgd 2,4 m. Bygget i seg sjølv er såleis ikkje søknadspliktig (Prg. 4-1 i Byggjesaksføresegna) Sidan bygget ligg innafor 100 m frå sjøen og er større enn 15 kvm (krav i Meland kommune sin kommuneplan si forskrift 1.6.4) må det søkjast om dispensasjon etter Pbl. prg. 19.2 for byggjeforbodet i Pbl. prg. 1-8.

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden.

Bygget er eit frittliggjande uthus på 19 kvm. som ligg på eigen bygd tomt. Avstand til sjøen er om lag 50 m. Mellom bygget og sjøen ligg det frittliggjande bustadbygg med frådelte tomter slik at omsøkt bygg ikkje har nokon verknad på bruk av tilliggjande sjøområde. I tillegg er strandsona her svært bratt og ikkje eigna for vanleg ferdsel. Innsyn frå sjøsida er og vanskeleg då bygget vil vera skjult av bustadbygg som ligg framfor omsøkt bygg mot sjøen Det er her ingen ulempe med å gi dispensasjon frå byggjeforbodet sidan bygget ikkje har nokon negative verknader for strandområdet. Føremonen med tiltaket er at eigar av eigedomen for utnytta sitt areal på eigedomen betre. Vilåret for å gi dispensasjon er såleis tilstades.

Tomta har eit areal på 1227,3 kvm. Frå før er det bygd eit bustadhus m/tilbygg og ein frittliggjande garasje/anneks. Samla bygd areal er om lag 336 kvm. Med omsøkt nybygg på 19 kvm. vert samla bygd areal 355 kvm. Utnyttingsgraden vert då om lag 27 % BYA. Utnyttingsgraden er såleis mindre enn 30 % BYA. Jfr. Føresegn 1.6.14 i Meland sin kommuneplan som framleis er gjeldande.

Med bakgrunn i nemde opplysningar samt vedlagde dokument (teikningar,kart) søkjer ein om dispensasjon med heimel i Pbl. prg. 19.2 frå Pbl. prg.1-8 for å byggje eit frittliggjande uthus på 19 kvm. om lag 50 m frå sjøen slik som synt på sit.kartet.

Frekhaug 16.05. 2023.

For Tiltakshavar og eigar av gnr. 305 bnr. 190 Geir Haldorsen og Ingelin Rydland , adr. Fløksand 80, 5918 Frekhaug.

Jens H. N.Bjorndal

Ansv. Søkjar.

e-postadr: jens.nagell.helge@outlook.com

tlf 48138902. adr. Postboks 92,5906 Frekhaug.